

60 meter høg kran med "base" på Børnes

11.08.2008



Uglen ruvar over Børnes og Skorpo. (Foto. Ola Matti Mathisen)

Kranbåten Uglen, som har rederiet Ugland i Grimstad som eigar, låg ved Børneskaia i helga og vekte som rimeleg er stor oppsikt. Krana har ei krokshøgnd på 60 meter og har altså enda meir vaksne dimensjonar enn "Eide-krana" som er å sjå på gjennomfart på fjorden både titt og ofte. Løftekapasiteten til Uglen er 600 tonn!

Uglen er leigd inn av Schat-Harding denne veka og grunnen er at ho skal nyttast under ein prototypetest på Seimsfoss.

Under denne testen vil båtane bli sluppe frå ei såkalla sliske og det vil skje frå ei høgnd frå 47 meter. Krana har vore i bruk på Seimsfoss ein gong før, men ikkje til eit test-opplegg med sliske. Båtane som skal testast er bestilt av Statoil Hydro.

Kjempekrana vil bli liggjande på Børnes kvar natt i testperioden fordi kaia her er betre eigna som 'base' og ankringsplass enn kaia på Seimsfoss.

Det første stupet skulle etter planen skje ein gong etter klokka 12 måndag, men uveret med regn og vind var så heftig at kranbåten i første omgang måtte gå attende til Børnes med uforuretta sak. Der la den seg 'på vent' i von om betre ver og tilhøve på Seimsfoss seinare på dagen.

Av Ola Matti Mathisen



Uglen på veg inn att mot Børnes gjennom uveret ved 13-tida måndag. (Foto: Ola Matti Mathisen)